

**Fra:** Thomas Bjørkeland (Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no)

**Sendt:** 26.06.2018 09:56:04

**Til:** Øystein Skår

**Kopi:**

**Emne:** Vedr. Bybane til Åsane. Varsel om oppstart av områdereguleringsplan for Bybanen og detaljreguleringsplan for sykkel. Varsel om krav om marinarkeologiske registreringar.

**Vedlegg:**

**Vedr. Bybane til Åsane, delstrekning 3 (Saksnr. 201807500). Varsel om oppstart av områdereguleringsplan for Bybanen og detaljreguleringsplan for sykkel. Varsel om krav om marinarkeologiske registreringar.**

Me viser til e-post frå Bergen kommune, 22.05.2018.

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld Bybanen til Åsane. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Tiltaksområdet ligger derimot i et prioritert område for kulturminne i vatn. Museet er kjent med at det var mølledrift i Eidsvåg på 1600-tallet. Jordalsvatnet, delstrekning 3 (Saksnr. 201807500), vart i den samanheng demma opp slik at ein kunne nytte vasskrafta frå elva til mølledriften. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne i vatn vurderar me derfor for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum varsler at me som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, kjem til å krevje undersøkingar av om det kan være kulturminne i vatn i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrøyrande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

I fleire høve grensar planområda direkte til område med godt kjende kulturlag i sjø, spesielt innanfor delstrekning 1 (Saksnr. 201807496) og 2 (Saksnr. 201807497) som inkluderer Bryggen og Sandviken. Me gjer merksam på at me ber dykk varsle museet viss det på noko tidspunkt blir endringar i planane som gjer at område i sjø kan bli råka i desse områda.

Venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland

Marinarkeolog

55549611

E-postadresse: [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)